

**Fra:** Jørg Westermann - Norsk Bane AS <jw@norskbane.no>

**Sendt:** 19.06.2023 15:19:01

**Til:** Aksjonærene i Norsk Bane AS <post@norskbane.no>

**Emne:** Siste nytt før generalforsamlinga i Norsk Bane AS, måndag, 26.6.23, kl. 9 - 12

---

Hei!

Det trivielle først: **fristen for påmelding til generalforsamlinga** på måndag, 26.6.23, går ut i dag. Men vi har valt å vente ein dag til og vil òg takke for påmeldingar som kjem i morgon. Du kan òg gje ei fullmakt til andre om du ikkje kan møte sjølv.

Så litt om **tilrådinga frå valkomitéen** som kom i dag og som følgjer her som vedlegg. Der er det tre nye kandidatar, alle med ein svært interessant bakgrunn:

Jostein Soland var administrerande direktør for Næringsforeningen i Stavanger-regionen frå 1994 til 2011. Han er no pensjonist, men framleis knyta til foreininga som seniorrådgjevar. Soland har hatt ei rekkje offentlege og private styreverv. Sidan 2016 er han styreleiar i International Chamber of Commerce Norge. Han er òg medlem av Seniortanken (<https://www.seniortanken.com/jostein-soland-cv/>). Soland bur i Stavanger.

Bente Lund Jacobsen er no eldreombod, men vil byrje i juli som dagleg leiar i GATH (<https://www.gath.no/bente-lund-jacobsen-ansatt-som-daglig-leder-i-gath/>). Ho er tidlegare leiar i Næringsforeningen i Ålesund og har før det hatt leiar- og styreerfaring frå fleire verksemdar og organisasjonar. Jacobsen bur i Ålesund.

Ketil Birkeland Daatland er leiar i Fana lokallag til Bergen Ap (<https://fana.arbeiderpartiet.no/>) og organisatorisk nestleiar i Bergen Ap, som ein av dei to nestleiarane i styret (<https://apiberger.arbeiderpartiet.no/om/>). Daatland jobbar som avdelingsdirektør i Tolletaten og har tidlegare vore seniorrådgjevar i Forsvarsdepartementet. Daatland bur i Bergen.

Og så har mykje nytt om **finansieringa av ei ny og oppdatert utgreiing om Vestlandsbanen over Haukeli:**

I dei siste vekene har vi fått ei rekkje meldingar om til dels store tilskot til det planlagde utgreiingsarbeidet. Til dømes har Oslo kommune gjeve tilsegn om kr 500 000, og Vestfold og Telemark fylkeskommune om 1 million kroner. Vi kan òg takke fleire av dei største aksjonærene i Norsk Bane AS for betydelege bidrag, og håpar det er til inspirasjon for andre.

Dersom vi inkluderer kommunale løyvingar som førebels ikkje er endeleg vedtekne, men tilrådde samrøystes eller med stort fleirtal i formannskapet, har vi no fått meldingar om i alt 4,61 millionar kroner, sjå oppstillinga nedanfor. Det svarer til 66 % av budsjettet for utgreiinga på 7 mill. kr.

I tillegg har vi fått signal om større tilskot frå fleire andre, men det er førebels uvisst når dei vil gjere endeleg vedtak. Vi er altså på god veg no, og både store og små summar vil vere til god hjelp for å kome i hamn med den siste delen av finansieringa.

*Oversikt over vedtak per 19.6.2023:*

Bergshagen Invest AS v/Atle Berge: kr 500 000 (endeleg vedtak)  
Sauda kommune: kr 500 000 (endeleg vedtak, samrøystes i For Sauda KF)  
Tokke kommune: kr 500 000 (endeleg vedtak, samrøystes i kommunestyret)  
Ullensvang kommune: kr 500 000 (samrøystes i formannskapet)  
Bykle kommune: kr 500 000 (samrøystes i formannskapet)  
Suldal kommune: kr 500 000 (samrøystes i formannskapet)  
Vestfold og Telemark fylkeskommune: kr 1 000 000 (endeleg vedtak)  
Oslo kommune: kr 500 000 (endeleg vedtak)  
Midt-Telemark kommune: kr 25 000 (endeleg vedtak)  
Etne kommune: kr 25 000 (endeleg vedtak)  
Kvam kommune: kr 50 000 (tilrådd med stort fleirtal i formannskapet)  
Hardanger Industri: kr 10 000 (endeleg vedtak)

Beste helsing

Jørg Westermann  
dagleg leiar  
Norsk Bane AS  
Tel. 70 10 16 44  
[jw@norskbane.no](mailto:jw@norskbane.no)  
[www.norskbane.no](http://www.norskbane.no)